



Sogn og Fjordane Arbeidarparti  
V/Nils P Støyva  
6783 Stryn  
Telefon: 57874710  
Mobil: 91103124  
Epost: nils.stoyva@stryn.kommune.no

## **Vi har trong for eit nasjonalt idrettsløft for barn og unge!**

av

Nils Støyva, ordfører i Stryn og fylkesleiar i Sogn og Fjordane Ap.

Tom Tvedt, fylkesordfører i Rogaland (Ap)

Harald Schjelderup, byrådsleiarkandidat i Bergen Ap

Det er på tide å endre tippene nøkkelen slik at staten sin del av overskotet til Norsk Tipping blir fasa ut over åra 2013 og 2014. Gjennom dette grepet vil idretten få tilført 500-600 millionar kroner meir kvart år, utan at det går utover kultursatsinga. Vi vil dermed få eit idrettslyft som heile Noreg vil kunne glede seg over!

Sidan den raudgrøne regjeringa tok over i 2005 er det gjennomført eit nasjonalt kulturlyft. Dette har resultert i stor auke i løyvingane til kultur og frivillig arbeid. Dette arbeidet må halde fram, og målet om at ein prosent av statsbudsjettet skal gå til kulturføremål må ligge fast. No er det likevel også på tide med eit eige idrettslyft.

### **Kvifor er dette viktig? Argumenta er mange og gode:**

- Norsk idrett peikar på etterslepet i spillemidlar til idrettsanlegg som den mest hemmande og avgrensande faktoren for barne- og ungdomsidretten.
- I mange deler av landet vårt er mangelen på idrettsanlegg stort. Mange idrettar kan vise til ein direkte samanheng mellom etablering av idrettsanlegg og deltaking i dei lokale aktivitetstilboda.
- Spelemidlar til idrettsanlegg dekkjer ikkje berre den organiserte idretten sine behov, men er viktig for å finansiere lysløyper, symjehallar og isbaner og kjem såleis heile folket til gode.
- Køen er i dag på 4-6 år, og utbyggjarane må enten mellomfinansiere dette dyrt, eller utsette prosjekta.
- I dag er etterslepet på minst to milliardar kroner. Dette forslaget vil gjere det mogeleg å fjerne etterslepet over ein 4-årsperiode.
- Bygging av idrettsanlegg er ikkje ei lovpålagt oppgåve for kommunane. Difor er ekstern finansiering heilt naudsynt. Dette blir ein slags utløysande faktor for bygging.

- Sjølv om spelemidlane utgjer ein avgrensa del av den samla finansieringa, utgjer ordninga både ein kvalitetssikring og toppfinansiering, og er viktig som stimulans for både idrettslagseigde og offentleg eigde anleggsprosjekt.
- Forslaget vil gje rom for også å løyse finansieringa og drifta av nasjonalanlegga. Det har lenge vore ei politisk krevjande utfordring.
- På lang sikt vil forslaget gje naudsynt rom og tryggleik for idretten si langsiktige finansiering, både sentralt og gjennom lokale aktivitetsmidlar.

Da forbodet mot dei sterkt problematiske speleautomatane blei innført i 2007, blei dei samfunnsnyttige og humanitære organisasjonane som hadde hatt inntekter av automatane, teke inn som ein del tippnøkkelen. Idretten viste eit stort samfunnsansvar ved ikkje å motsette seg denne endringa.

Fordelinga av spelemidlar gjennom tippnøkkelen er i dag slik: 45,5 prosent til idrett, 18 prosent til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar, 36,5 prosent til kultur. Av dette går 12,2 prosent til frivillig kulturarbeid og 24,3 prosent til statskassa.

Idrettsanlegg er ein viktig del av samfunnet sin infrastruktur. Fleire gode og funksjonelle idrettsanlegg vil vere eit viktig bidrag til å auke den fysiske aktiviteten for folket, sikre gode oppvekstmiljø for born og unge, og etablere gode møteplassar i nærmiljøet. I tillegg stimulerer det til frivillig arbeid i samfunnet, og skaper tillit og ei positiv opplæring i leiarskap.

Samfunnet brukar i dag langt over 100 milliardar kroner til spesialisthelsetenesta og andre tiltak innan helsesektoren. Desse midlane blir i hovudsak brukt på behandling og "reprasjon" av sjukdom og skadar. Lite blir nytta til førebygging. I den nye samhandlingsreforma vil førebygging få ein mykje breiare plass i helsevesenet. Idrett og fysisk aktivitet er det beste førebyggjande arbeidet vi har. Idretten må difor koplast og bli ein viktig del av samhandlingsreforma.

Vi har i dag store utfordringar på anleggssida. Det er fire til fem års ventetid på utbetaling av spelemidlar til idrettsanlegg, og på landsbasis aukar etterslepet med omlag 200 mill. kroner kvart år. I og med at det har vore sett eit fast kronebeløp som måltal for overskotet til Norsk Tipping har den reelle løyvinga til idretten gått ned.

For å redusere etterslepet på idrettsanlegg må tippnøkkelen endrast slik at idretten får ein større del av overskotet. Også det lokale, frivillege kulturlivet bør få eit lyft gjennom ei slik endring. Dette kan gjennomførast ved at delen som i dag går til statskassa blir fordelt på idrett og lokalt frivillig kulturliv. Det må vere ein klår føresetnad at denne endringa ikkje går ut over kulturlyftet si målsetning om at løyvingane over statsbudsjettet til kultur skal utgjøre 1 prosent av det totale budsjettet.

Ei slik endring vil også vil styrke Norsk Tipping sin legitimitet ved at heile overskotet blir nytta til tiltak som styrker kultur, idrett og frivillig arbeid. Det kan såleis ikkje lenger bli argumentert med at deler av tippeoverskotet går rett i statskassa.

Kulturen er i ferd med å få sitt velfortjente lyft. No står idretten for tur!